KONKURRANSEGRUNNLAG

Åpen anbudskonkurranse

etter forskriftens del I og del III

for anskaffelse av

Planfagleg bistand til områderegulering for flaumsikring av Lærdalsøyri

OPPDRAGSGIVER

Lærdal kommune

Ansvarlig anskaffer: Niklas Aarnio (niklas.aarnio@laerdal.kommune.no)

Generert automatisk i Hyyr 13.11.2026 00:10

Anskaffelsesoversikt

Hovedtype, estimert verdi, CPV-koder og utførelsessted fremgår under Konkurransedetaljer.

Kontrakt

NS 8402

Bilag

- Referater fra forhandlinger etter tilbudet (godkjent av begge parter)
- Oppdragstakerens tilbud
- Avklaringer og referater fra befaringer eller konferanser før tilbudet
- Tilbuds-/konkurransegrunnlaget

Bakgrunn

Lærdalsøyri er kommunesenteret i Lærdal kommune, og er utsett for flaum frå Lærdalselvi. Lærdal kommune skal i samarbeid med Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) utarbeida ein områdereguleringsplan for heilskapleg flaumsikring av Lærdalsøyri. Lærdal kommune er oppdragsgjevar og ansvarleg for utarbeiding av reguleringsplanen.

Multiconsult har på oppdrag frå NVE utarbeidd ein moglegheitsstudie for heilskapleg sikring av Lærdalsøyri mot flaumhendingar i Lærdalselvi. Studien viser at det er mogleg å sikra Lærdalsøyri mot flaum, men at dette krev omfattande tiltak på begge sider av elva over eit større geografisk område. Tiltaka må planavklarast før dei kan prosjekterast og gjennomførast.

Det aktuelle planarbeidet omfattar ikkje berre sjølve sikringstiltaka, men også areal som er nødvendige for tilkomst, bygging, rigg, drift, tilsyn og framtidig vedlikehald. Planarbeidet må ta omsyn til eksisterande busetnad, næringsverksemd, landbruk, infrastruktur, landskap, naturverdiar, kulturmiljø og andre interesser innanfor og i nærleiken av planområdet.

Det er utarbeidd eit planprogram for områdereguleringa. Planprogrammet var på høyring og offentleg ettersyn i perioden 22.10.-21.12.2025, og blei fastsett av kommunestyret 10. september 2026. Det fastsette planprogrammet legg føringar for planprosessen, medverknaden, alternativa som skal vurderast og konsekvensutgreiast samt utgreiingsarbeidet som skal gjennomførast.

Planarbeidet skal gjennomførast i nært samarbeid mellom Lærdal kommune, NVE, leverandøren og andre relevante styresmakter og interessentar.

Føremålet med oppdraget

Føremålet med oppdraget er å få fagleg bistand til å utarbeida ein komplett områdereguleringsplan for heilskapleg flaumsikring av Lærdalsøyri.

Områdereguleringsplanen skal:

- Avklara arealbruken for aktuelle flaumsikringstiltak
- Sikra nødvendig areal for etablering, tilkomst, bygging, rigg, drift og vedlikehald av tiltaka
- Avklara forholdet til eksisterande og planlagd arealbruk
- Vurdera verknadene av tiltaka for miljø og samfunn
- Gi eit tilstrekkeleg grunnlag for vidare detaljprosjektering og gjennomføring
- Bidra til ein føreseieleg og etterprøvbar planprosess
- Legga til rette for medverknad med grunneigarar, innbyggarar, næringsliv, organisasjonar og offentlege styresmakter

Leverandøren skal sikra fagleg samordning mellom dei ulike delane av planarbeidet. Det skal vera tydeleg og dokumenterbart samsvar mellom fagutgreiingane, konsekvensutgreiinga, risiko- og sårbarheitsanalysen, plankartet, reguleringsføresegnene og planomtalen. NVE jobbar parallelt med forprosjektet, og det er forventa at leverandøren samarbeider tett med NVE for å sikra samsvar mellom kommunen og NVE sine planarbeid.

Prosedyre

Åpen anbudskonkurranse

Alle interesserte leverandører kan levere tilbud gjennom Hyyr. Konkurransen har ingen prekvalifiseringsfase. Tilbudene evalueres direkte, og det er ikke adgang til dialog eller forhandlinger utover mindre avklaringer og korrigeringer av tilbudene.

Leverandøren oppfordres på det sterkeste til å følge de anvisninger som gis i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklarheter i kommunikasjonsmodulen i Hyyr.

Offentleglova og taushetsplikt

For allmennhetens innsyn i dokumenter knyttet til en offentlig anskaffelse gjelder offentleglova. Oppdragsgiver og dennes ansatte plikter å hindre at andre får adgang eller kjennskap til opplysninger om tekniske innretninger og fremgangsmåter eller drifts- og forretningsforhold det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde, jf. forvaltningsloven § 13.

Lønns- og arbeidsvilkår

Krav til lønns- og arbeidsvilkår reguleres i kontraktsvilkårene for denne anskaffelsen, i tråd med anskaffelsesloven. Leverandøren skal overholde gjeldende lovverk om lønn og arbeidsvilkår. Oppdragsgiver kan kreve dokumentasjon på at dette er oppfylt.

Forbehold og avvik

Frem til signering av kontrakten kan oppdragsgiver foreta endringer i konkurransegrunnlaget som ikke er vesentlige. Vesentlige endringer håndteres etter gjeldende regler om kunngjøring og frister.

Tilbud med vesentlige forbehold eller avvik fra konkurransegrunnlaget skal avvises. Oppdragsgiver kan også avvise tilbud med forbehold, avvik eller uklarheter som ikke er ubetydelige.

Oppdatering og tilleggsopplysninger

Eventuelle rettelser, suppleringer eller endringer av konkurransegrunnlaget, samt spørsmål til konkurransen med svar i anonymisert form, vil bli formidlet til alle leverandører som har registrert sin interesse for anskaffelsen i Hyyr. Dersom leverandøren finner at konkurransegrunnlaget ikke gir tilstrekkelig veiledning, eller er uklart, kan leverandøren be om tilleggsopplysninger via Hyyr. Dersom det oppdages feil i konkurransegrunnlaget, bes det om at dette formidles til oppdragsgiver via Hyyr.

Reglene for kommunikasjon

All kommunikasjon med oppdragsgiver skal skje elektronisk og skriftlig via Hyyr (oppdragsgivers konkurransegjennomføringsverktøy). Dette gjelder også spørsmål og svar.

Juridisk ramme

Anskaffelsen gjennomføres i henhold til lov om offentlige anskaffelser (LOA) og anskaffelsesforskriften (FOA) del I og III.

Kostnader ved utarbeidelse av tilbud

Eventuelle kostnader leverandøren har ved utarbeidelse av tilbudet dekkes av leverandøren selv. Oppdragsgiver refunderer ikke kostnader knyttet til utarbeidelse eller innlevering av tilbud.

Deltilbud

Anskaffelsen er ikke delt i delkontrakter. Det er ikke adgang til deltilbud.

Alternative tilbud

Det er ikke tillatt å levere alternative tilbud.

Parallelle tilbud

Det er ikke tillatt å levere parallelle tilbud. Hver leverandør kan ha ett gjeldende tilbud per delkontrakt.

Forretningshemmeligheter og sladding

Ved innlevering skal leverandøren ta stilling til om opplysninger i tilbudet utgjør forretningshemmeligheter, merke disse og levere en sladdet versjon der det er påkrevd. Oppdragsgiver behandler innsynsbegjæringer etter offentleglova og forvaltningsloven.

Behandling av personopplysninger

Personopplysninger som inngår i tilbudet behandles av oppdragsgiver for å gjennomføre anskaffelsen, evaluere tilbud og følge opp kontrakt. Behandlingen skjer i tråd med personvernregelverket. Leverandøren er ansvarlig for at personopplysninger i tilbudet er lovlig innhentet og nødvendige for tilbudet.

Deltakelse fra ansatte hos oppdragsgiver

Ansatte hos oppdragsgiver eller andre som deltar i forberedelsen eller gjennomføringen av anskaffelsen, kan ikke delta på leverandørsiden i konkurransen på en måte som kan svekke tilliten til at konkurransen gjennomføres på en rettferdig måte. Spørsmål om habilitet avklares med oppdragsgiver via Hyyr.

Oppdragsgiver

Lærdal kommune

Org.nr: 954681890

Øyraplassen 7, 6887, Lærdal

Ansvarlig anskaffer

Niklas Aarnio

E-post: niklas.aarnio@laerdal.kommune.no

Telefon: +4747881259

Konkurransedetaljer

Anskaffelsesdel:	Del III-anskaffelse - Over EØS-terskelverdi	Utførelsessted:	Øyraplassen 7, Lærdal, NOR
		Fjernarbeid:	Tillatt
Hovedtype:	Tjenester		
Estimert verdi:	3 000 000 NOK		

CPV-koder:

- 71410000 - Byplanleggingstjenester (Hoved)
- 71240000 - Arkitekt-, ingeniør- og planleggingstjenester
- 90711100 - Risikoanalyse eller farevurdering, bortsett fra bygge- og anleggsarbeid
- 71400000 - Byplanleggings- og landskapsarkitekttjenester
- 71311300 - Rådgivning i forbindelse med infrastruktur
- 71317000 - Rådgivning i forbindelse med beskyttelse mot og kontroll av farer
- 90712000 - Miljøplanlegging
- 71250000 - Arkitekt-, ingeniør- og oppmålingstjenester
- 71000000 - Arkitekt-, konstruksjons-, ingeniør- og inspeksjonstjenester
- 90711000 - Miljøpåvirkningsanalyse, bortsett fra bygge- og anleggsarbeid

Varighet:

Estimert oppstart:	4. januar 2027
Varighet:	Sluttdato for kontrakten er foreløpig ikke fastsatt.
Tilleggsinformasjon:	Oppdraget varer fram til endeleg planvedtak og nødvendig teknisk og redaksjonell ferdigstilling av plandokumenta i samsvar med vedtaket. Ferdigstilling av plandokumenta som kan leggast fram til slutthandsaming skal vere innan utgangen av 2028.

Tidsfrister:

Frist for å stille spørsmål:	6. november 2026, 12:00
Tilbudsfrist:	1. desember 2026, 12:00
Tildeling:	6. januar 2027, 12:00
Karensperiode: Fra utsendelse av tildelingsbeslutning	10 dager
Vedståelsesfrist:	60 dager

Kvalifikasjonskrav:

ESPD (Europeisk egenerklæringsskjema) er aktivert for denne konkurransen.

Aktiverte avvisningsgrunner:

A: AVVISNINGSGRUNNER SOM GJELDER STRAFFEDOMMER

- Deltakelse i kriminell organisasjon
- Korrupsjon
- Bedrageri
- Terrorhandlinger eller lovbrudd knyttet til terrorvirksomhet
- Hvitvasking eller terrorfinansiering
- Barnearbeid og andre former for menneskehandel

B: AVVISNINGSGRUNNER SOM GJELDER BETALING AV SKATTER, AVGIFTER OG TRYGDEAVGIFTER

- Betaling av skatter og avgifter
- Betaling av trygdeavgifter

C: AVVISNINGSGRUNNER SOM GJELDER INSOLVENS, INTERESSEKONFLIKTER ELLER ALVORLIGE FEIL I YRKE-SUTØVELSEN

- Brudd på forpliktelser innen arbeidsrett
- Konkurs
- Insolvens
- Gjeldsforhandling
- Tilsvarende situasjon som konkurs under nasjonal lov
- Virksomheten er suspendert
- Interessekonflikt grunnet deltakelse i anskaffelsesprosedyren
- Direkte eller indirekte involvering i forberedelsen av denne anskaffelsen
- Tidlig heving, erstatning eller andre lignende sanksjoner
- Korrekte opplysninger og rettferdig konkurranse

D: ANDRE AVVISNINGSGRUNNER SOM ER FASTSATT I DEN NASJONALE LOVGIVNINGEN I OPPDRAGSGIVERENS MEDLEMSSTAT

- Vedtatt forelegg for staffbare forhold
- Alvorlige feil som medfører tvil om hans yrkesmessige integritet

Nr.	Krav
1	**Skatteattest**
Leverandøren skal legge fram skatteattest som stadfester at skatter og avgifter er betalt. Blir verifisert automatisk via eBevis (krev samtykke i Altinn).	
2	**Registrert i Foretaksregisteret**
Leverandøren skal vere registrert i Foretaksregisteret. Blir verifisert automatisk mot Enhetsregisteret via eBevis.	

3 **Årsregnskap**

Årsregnskap frå Regnskapsregisteret (inntil 5 år). Inkluderer resultatregnskap, balanse og revisjonsberetning. Blir henta automatisk via eBevis.

4 **Erfaring frå planarbeid**

Filopplasting tillatt

Leverandøren skal ha tilstrekkeleg erfaring frå utarbeiding av reguleringsplanar med komplekse og tverrfaglege problemstillingar. Leverandøren skal dokumentere minst to relevante oppdrag som er gjennomførte eller i hovudsak utførte dei siste tre åra. Minst eitt av oppdraga skal ha omfatta konsekvensutgreiing eller tilsvarande tverrfagleg utgreiings- og samordningsarbeid.

Leverandøren skal fylle ut Vedlegg 5 Oversikt over relevante oppdrag. Det kan førast opp inntil tre oppdrag. For kvart oppdrag skal leverandøren opplyse om oppdragsgjevar, tidsperiode, type plan eller oppdrag, leverandøren sitt ansvar, sentrale leveransar og kvifor oppdraget er relevant. Namn og kontaktinformasjon til ein referanseperson hjå oppdragsgjevaren skal oppgivast.

5 **Kvalitetsstyring**

Filopplasting tillatt

Leverandøren skal ha eit dokumentert system for kvalitetsstyring som er relevant og eigna for gjennomføring av oppdraget.

Leverandøren skal levere ei kort skildring av systemet for kvalitetsstyring. Skildringa skal minimum omtale rutinar for eigenkontroll, sidemannskontroll, tverrfagleg samordning, dokumentstyring og handtering av avvik. Gyldig sertifikat etter ISO 9001 eller tilsvarande sertifikat blir akseptert som dokumentasjon.

6 **Kapasitet og tilgang til fagressursar**

Filopplasting tillatt

Leverandøren skal ha tilstrekkeleg kapasitet og tilgang til nødvendige fagressursar til å gjennomføre oppdraget innanfor dei oppgitte fristane.

Leverandøren skal levere ei signert erklæring om at tilbode nøkkelpersonell har kapasitet til å delta i oppdraget.

Leverandøren skal i tillegg levere ein organisasjons- og bemanningsplan som viser nøkkelpersonell, roller, fagområde og venta deltaking i oppdraget.

Tildelingskriterier:

Evalueringsmetode:	Fastsatt vekting per kriterium
Prisberegningsmetode:	Forholdsmessig (DFØ)

Formel:

```
r = r_max × p_min / p
```

Hvor p_min = laveste tilbudte pris (Pb), p = evaluert pris (Pe), r_max = maksimalt antall poeng. Poengsummen blir ikke negativ.

Miljøkriterier:	Miljøkrav er uvesentlige
Begrunnelse for klima- og miljøhåndtering:	Oppdragsgjevaren har vurdert anskaffinga etter anskaffingslova § 5 b tredje ledd. Anskaffinga gjeld ei plan- og rådgivingsteneste som etter si art hovudsakleg består av fagleg arbeid, digitale leveransar og digitale møte. Kontrakten omfattar ikkje byggje- og anleggsarbeid, maskinbruk eller innkjøp av byggjemateriale, og behovet for fysiske møte og reiser er avgrensa. Oppdragsgjevaren vurderer derfor at både klimaavtrykket og miljøbelastninga frå sjølve rådgivingstenesta er uvesentleg. Unntaket i anskaffingslova § 5 b tredje ledd kjem dermed til bruk, og klima- og miljøomsyn blir ikkje nytta som eige tildelingskriterium. Rådgivaren sitt arbeid kan likevel ha vesentleg betydning for klima- og miljøverknadene av dei framtidige flaumsikringstiltaka. Slike omsyn skal derfor ivaretakast som ein integrert del av planarbeidet, konsekvensutgreiinga og dei faglege vurderingane som følger av kravspesifikasjonen og fastsett planprogram.

Kriterie	Type	Vekt	Beskrivelse
Pris	Pris	40%	Pris blir evaluert på grunnlag av evaluert totalpris. Evaluert totalpris blir rekna ved å multiplisere tilbydde timeprisar med dei evalueringsmengdene som er oppgitte i prisskjemaet. Eventuelle andre priskomponentar som går fram av prisskjemaet, blir lagde til. Evalueringsmengdene blir berre nytta for å sikre samanliknbare tilbod. Dei inneber ikkje nokon garanti for faktisk timeforbruk eller uttak under kontrakten. Dersom leverandøren ikkje fyller ut ein prispost, kan oppdragsgjevaren leggje den høgaste relevante prisen i tilbodet til grunn, dersom dette kan gjerast utan å endre tilbodet.
Oppgåveforståing og gjennomføringsopplegg	Kvalitet	30%	Oppdragsgjevaren vil vurdere i kva grad det dokumenterte gjennomføringsopplegget sannsynleggjer ei effektiv, føreseieleg og fagleg god gjennomføring av det konkrete oppdraget. Det blir lagt vekt på: • om leverandøren viser god forståing av føremålet, kompleksiteten og dei sentrale utfordringane • om arbeidsmetodane er konkrete, relevante og tilpassa oppdraget • om opplegget sikrar god samordning mellom fagområda og plandokumenta • om framdrifta og ressursdisponeringa er realistisk • om sentrale risikoar og avhengigheiter er identifiserte og følgde opp med konkrete tiltak • om opplegget for samarbeid og medverknad er målretta og gjennomførbart

			▪ om gjennomføringsopplegget reduserer behovet for omarbeiding, forseinkingar og unødvendig ressursbruk Det blir vurdert positivt dersom leverandøren identifiserer oppdragsspesifikke utfordringar og foreslår konkrete og realistiske tiltak som gir meirverdi utover minstekrava i kravspesifikasjonen. Omfattande tekst gir ikkje i seg sjølv høgare poengsum. Det er relevansen, presisjonen og kvaliteten på det skildra opplegget som blir vurdert.
Kompetanse og erfaring hjå tilbode nøkkelpersonell	Kvalitet	30%	Oppdragsgjevaren vil vurdere i kva grad tilbode nøkkelpersonell har kompetanse og erfaring som kan bidra til høg kvalitet og effektiv gjennomføring av det konkrete oppdraget. Det blir lagt vekt på: • relevant utdanning og fagleg kompetanse • erfaring frå komplekse og tverrfaglege planoppdrag • erfaring frå konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse • erfaring frå planlegging av flaumsikring, naturfaretiltak eller større tekniske anlegg • erfaring frå samhandling med kommunar, statlege styresmakter, grunneigarar og andre interessentar Erfaring frå områderegulering, flaumsikring og tilsvarande komplekse planprosessar blir vurdert positivt, men er ikkje eit absolutt krav til kvar enkelt nøkkelperson. Det blir gjort ei samla vurdering av nøkkelpersonellet. Prosjektleiaren og senior arealplanleggjar vil bli tillagde størst betydning. Vekting av nøkkelpersonell ved vurdering vil vere som følger: Prosjektleiar 40 % - senior arealplanleggar 40 % - junior arealplanleggar 20 %. Opplysningar som berre gjeld leverandøren si generelle verksemdserfaring, og som ikkje kan knytast til tilbode nøkkelpersonell, blir ikkje vurderte under dette kriteriet.

Priselementer

Nr.	Priselement	Svarform	I evalueringen	Beskrivelse
P.1	Prisskjema	Prisskjema	Ja	Leverandøren oppgir pris for kvar kategori under pris per enhet. Tal på timar under kvar kategori er eit estimat. Leverandøren skal ikkje justere tal på timar eller fysiske møte i skjemaet.

Kravspesifikasjon:

1. Oppgåveforståing og gjennomføringsopplegg

Nr.	Krav	Type	Svartype
1.1	**Oppgåveforståing og gjennomføringsopplegg** **Dokumentasjon** Leverandøren skal levere ei oppdragsspesifikk skildring av oppgåveforståinga og gjennomføringsopplegget. Lærdal kommune er oppdragsgjevar og planmynde. Det er viktig at innbyggarar, grunneigarar og andre interessentar blir høyrde i planprosessen. Det er ei rekke, til dels, motstridande interesser i planområdet som bidreg til høg grad av kompleksitet i planarbeidet. Skildringa skal vere på maksimalt 2000 ord. Skildringa skal omfatte: • forståing av føremålet med oppdraget og dei viktigaste utfordringane • metode og arbeidsopplegg for gjennomføring av planarbeidet • samordning mellom planfaglege, flaumfaglege og andre faglege bidrag • organisering og disponering av ressursar gjennom oppdraget • overordna framdriftsplan med hovudaktivitetar og kritiske avhengigheiter • identifisering og handtering av dei viktigaste risikoane • opplegg for samarbeid med kommunen, NVE og andre styresmakter • opplegg for medverknad og dialog med råka partar Generelle verksemdspresentasjonar og standardomtalar som ikkje er tilpassa oppdraget, vil ikkje bli tillagde vekt. Opplysningar i skildringa som har betydning for evalueringa, blir bindande for leverandøren ved kontraktsingåing. Svaret skal lastast opp som vedlegg.	Oppgåveforståing og gjennomføringsopplegg	Fritekst med fil

2. Kompetanse og erfaring hjå tilbode nøkkelpersonell

Nr.	Krav	Type	Svartype

2.1	**Kompetanse og erfaring hjå tilbode nøkkelpersonell** Leverandøren skal levere ein CV for kvar av følgjande personar: • Prosjektleiar • Senior arealplanleggar • Junior arealplanleggar Det skal leverast éin CV per person. Vedlegg 6 CV-mal skal nyttast. Same person kan fylle fleire roller dersom leverandøren dokumenterer at dette gir ei forsvarleg organisering og tilstrekkeleg kapasitet. Det vert lagt til grunn at tilbydd personell vert nytta gjennom heile oppdraget. Dersom det blir naudsynt å skifte ut personell, skal erstatningspersonell ha minst tilsvarande kompetanse og erfaring som den personen som vert erstatta	Kompetanse og erfaring hjå tilbode nøkkelpersonell	Fritekst med fil

3. Oppmøte

Nr.	Krav	Type	Svartype
3.1	**Leverandør må kunne delta i fysiske møte i Lærdal slik det blir spesifisert i Vedlegg 1 Kravspesifikasjon** Svar ja dersom tilbodet inkluderer deltaking i fysiske møte i Lærdal og at leverandøren har teke høgde for å kunne stille til fysiske møte.	Må-krav	Ja/Nei

Strategiske hensyn:

Universell utforming:

Ikke inkludert (ikke relevant)

Egnet for små og mellomstore bedrifter

Denne anskaffelsen er tilrettelagt for deltakelse fra SMB-er

Innleveringsinnstillinger:

Elektronisk innlevering:	Påkrevd
Elektronisk signering:	Ikke spesifisert
Tillatte språk:	Norsk

Vedlegg:

- Vedlegg 6 CV-mal.docx
- Konkurransegrunnlag.docx
- Vedlegg 1 Kravspesifikasjon.docx
- Vedlegg 2 Tilbydar sine avvik.docx
- Vedlegg 3 Fastsett planprogram.pdf
- Vedlegg 4 Moglegheitsstudie for flaumsikring av Lærdalsøyri.pdf
- Vedlegg 5 Oversikt over relevante oppdrag.docx
- Vedlegg 6 CV-mal.docx
- Vedlegg 7 Tilbodsbrev.docx